



## Møtebok Fjordvegen Rute 13

### Styremøte 11.09.2020, kl 12.00-14.30 Stad: Videomøte

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Edmund H Utne

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

**Forfall:** Irene Heng Lauvsnes

**SVV:** Nils Magne Slinde til orientering ved starten av møtet.

#### Sakshandsaming:

Ved starten av møtet fekk styret ei orientering vedr . NTP/Rv13 frå Statens vegvesen v/Nils Magne Slinde. Presentasjonen frå Slinde ligg vedlagt til dette møtereferatet.

#### Sak 18/20 Meldingar

Ingen meldingar framlagde.

#### Sak 19/20 NTP 2022-2033

- Påverknadsarbeid mot Stortinget hausten 2020 og våren 2021

Styret drøfta ulike tiltak som må prioriterast frå adm. og styremedlemmene utover hausten og vinteren. Tiltaka er:

- Delta i frukostmøte 26.11. i Oslo med Nasjonal rassikringsgruppe. Vi har kontakt og ventar på invitasjon til dette møtet. Her vil også statsråd Knut Arild Hareide delta.
- Framskaffa kalendar for viktige møteplassar/konferansar/nettmøter vedr. NTP der det er naturleg for Fjordvegen å delta.
- Gjera avtalar med Sogn & Fjordanebenken, Hordlandsbenken og Rogalandsbenken om møter ila hausten. Administrasjonen sjekkar moglegheit og aktuelle datoar. Styret er samla på at det er tilstrekkeleg at 2-3 frå styret deltek i kvart møte.

#### Sak 20/20 Økonomi

- Rekneskap pr. per 08/20  
Rekneskapsrapport pr. 2 tertial 2020 vart gjennomgått. Denne viser eit overskot på 31.786.
- Status kontingentinnbetaling 2020  
Alle medlemmer er ajour ift. kontingentinnbetaling for 2020.

#### Sak 21/20 Hanne Sundbø/Jostein Eitrheim informerer

- Oppfølging av strategi- og handlingsplan  
Hanne orienterte om arbeidet som er hemma av koronatiltak som har gjort det vanskeleg å gjennomføra planlagde aktivitetar. Arbeidet har i stor grad vorte avgrensa til aktivitet i digitale fora.
- Årskonferansen 2021

Styret vedtok at det ikkje skal startast konkrete førebuingar til Årskonferansen 2021 (april 2021) enno. Evt. oppstart av førebuingsarbeid skal drøftast i neste styremøte 4. november 2020.

- Nasjonal rassikringsgruppe  
Administrasjonen held tett kontakt med rassikringsgruppa og har allereie spela inn forslaget om å ha stand på Arendalsveka 2021 dersom den vert arrangert som planlagt.
- Møter med andre vegselskap.  
Administrasjonen og nokre av styremedlemmene har hatt møter med Haukelivegen AS for å drøfta om det er saker/strekningar der det kan vera aktuelt å samarbeida. Jøsendal - Odda er døme på ein strekning der begge selskap har interesse og vil arbeida for midlar gjennom NTP.
- Oppfølging ift kontakt mot medlemmer  
Pga koronasituasjonen vil styret ikkje gjennomføra nokon tur langs Rv13 denne hausten. Det er viktig at administrasjon og styre likevel held tett kontakt med medlemmene og vi oppmodar styremedlemmene til å nytta ulike høve til å drøfta utfordringane våre med medlemmer.
- Medlemsrekruttering  
Fjordvegen Rute 13 treng fleire medlemmer. Oppfordring til både styremedlemmer og administrasjon om å driva aktiv medlemsrekruttering.

#### **Sak 22/20 Fast Post: Gjennomgang av status for Rv13**

- Gjennomgang av trafikkta Vedlagt tal pr. august
  - Dagleg leiar presenterte trafikkstatistikk for alle Statens vegvesen sine målepunkt langs Rv13. Presentasjonen ligg vedlagt til referatet.
- Status rassituasjon Rødsliane
  - Styreleiar orienterte om status vedr. rassituasjonen i Rødsliane og langs Suldalsvatnet og aktuelle sikringstiltak her.
- Status tiltak Kinsarvik - Bu
  - Denne vart grundig gjennomgått i Nils Magne Slinde si orientering og i spørsmålsrunden etterpå.
- Voss - Vinje E16/Rv13 Breiddeutviding
  - Det skal igangsetjast arbeid for breiddeutviding på strekninga Smalahovetunet - Tvinde.
- Ullensvang kommune ulike utfordringar:
  - Trafikkork
  - Rasfare m.m.
- Strekninga Hella - Leikanger
  - Ønskje frå Sogndal kommune om midlar til breiddeutviding.

#### **Sak 23/20 Innmeldte saker/Ymse**

- Dato for neste styremøte:
  - Onsdag 4. november kl 12.00 - 15.00 Nettmøte.  
Kalendarinnkalling er sendt ut og vi ber alle om å stadfesta deltaking.

Jostein Eitrheim  
Referent